



BERGEN TINGRETT

DOM

Sagt: 14.05.2014 i Bergen tingrett, Bergen

Saksnr.: 13-123397TVI-BBYR/03

Dommar: Dommarfullmektig Eirik Myking Midtbø

Saka gjeld: Gyldighet av vedtak om vedtektsendring

Bergen Sporveisfunksjonærers forening Advokat Geir Hovland

Partshjelper Fagforbundet v/advokat Geir Høin

mot

AS Bergen Sporveisfunksjonærers Sandanger Advokatfirma DA
Byggeselskap v/advokat Hogne Ørjar Sandanger

DOM

Saka gjeld krav frå Bergen Sporveisfunksjonærers Forening om at vedtak gjort av generalforsamlinga i AS Bergen Sporveisfunksjonærers Byggeselskap 27. mai 2013 er ugyldig.

Bakgrunn for saka

Bergen Sporveisfunksjonærers Forening ("foreininga") vart stifta 19. juni 1909.

I løpet av 1912 teikna medlemmer i foreininga aksjar i eit selskap som vart omtalt som "A/S sporveisfunktionærenes Byggeselskab". 4. desember 1912 vart det signert ein kontrakt om kjøp av eigedom som i dag har adresse Stubbs gate 3-7a på Møhlenpris i Bergen. Kjøpar etter kontrakten var "Bergens Sporveifunktionærers Forenings Byggeselskab", medan Einar Olsen, formann i Bergens Sporveisfunktionærers Forening, skreiv under kontrakten.

AS Bergen Sporveisfunksjonærers Byggeselskap ("selskapet") vart stifta 19. april 1913. Dei originale vedtektene §§ 1-4 lydde slik:

"§ 1.

A/S Bergens sporveisfunktionærers byggeselskap er et uansvarlig aktieselskap med sæte i Bergen grundlagt paa en aktiekapital av kr. 6000 fordelt paa 60 aktier à kr. 100 fuldt indbetalt. Aktiekapitalen kan om styret finder det fornødent utvides med generalforsamlingens approbation. Kun medlemmer av Bergens sporveisfunktionærers forening kan optas som aktionærer.

Ingen aktionær hefter for en større sum end hans akties paalydende beløb. Det paahviler styret at tilvejebringe yderligere midler paa anden hensigtsmæssig maate.

§ 2.

Selskapets formaal er at erhverve passende tomter, opføre hensigtsmessige boliger og bortleie disse til aktionærer i sporveiens tjeneste. For at forebygge ledighet er dog styret berettiget til at utleie leiligheter ogsaa til andre, dog fortrinsvis sporveisfunktionærer.

§ 3.

Ved salg av aktier har selskapet approbationsret.

§ 4.

Hvis en aksjonær uttrær av Bergens Sporveisfunksjonærers forening er styret berettiget til at indløse hans aktie efter dens paalydende beløb."

Selskapet vart registrert i firmaregisteret som aksjeselskap 5. mai 1913.

Aksjane foreininga teikna ved stiftinga, om lag 40 prosent av aksjekapitalen i selskapet, vart selde i 1917. Foreininga erverva seinare 15 prosent av aksjane i selskapet ved gåve, og dette er den aksjedelen foreininga har i dag.

3. mars 1922 fekk selskapet utferda skøyte på ein ny eigedom, som i dag har adresse Konsul Børs gate 9-15a.

Det er opplyst at selskapsvedtektene vart endra i alle fall i 1922, 1939, 1981 og 2003.

I 2003 vart fortrinnsretten sporvegsfunksjonærar hadde til å få erverve aksjar med tilhøyrande burett teke ut av vedtektene. Det er opplyst at dagens bebuarar har erverva aksjar med burett på ulikt vis, nokre med bakgrunn som sporvegsfunksjonærar, andre ikkje. Aksjane vart i all hovudsak kjøpte for pålydande sum, og skulle etter vedtektene fram til vedtaket 27. mai 2013 ved fråflytting løysast tilbake til styret for pålydande sum.

I 2011 engasjerte selskapet advokat Hogne Sandanger til å undersøkje nærare visse spørsmål knytt til vedtektene.

27. mai 2013 vedtok selskapet på ekstraordinær generalforsamling å endre vedtektene, med tilvising til eit notat 1. mai 2013 frå advokat Sandanger. Vedtaka skjedde med 515 mot foreininga sine 100 stemmer.

Bergen Sporveisfunksjonærers forening gav 17. juli 2013 inn stemning til Bergen tingrett med påstand om at vedtak frå generalforsamlinga 27. mai 2013 var ugyldig. Tvisten synest å særleg gjelde endringar i vedtektene §§ 2, 4 og 10.

Vedtektene § 2, "Selskapets formål", vart endra frå

"Selskapets formål er å erverve og eie passende tomter, for hensiktsmessige boliger og bortleie av disse. Beboeren eier ikke leiligheten, og ved fraflytting blir leiligheten fordelt til en ny beboer av styret".

til:

"Selskapets formål er å erverve og eie passende tomter, oppføre hensiktsmessige boliger og drift av disse. Beboeren eier ikke leiligheten."

Vedtektene § 4, "Innløsning av aksjer ved flytting", vart endra frå

"Hvis en aksjonær flytter ut av selskapets eiendom, er vedkommende forpliktet til på styrets forlangende å la aksjen innløse etter dens pålydende beløp. Ved en aksjonærs død, har gjenlevende ektefelle rett til å overta aksjeposten på de samme vilkår som avdøde."

til:

"Hvis en aksjonær flytter permanent ut av selskapets eiendommer, er vedkommende forpliktet til å selge aksjen."

Vedtektene § 10, "Husleie", vart endra frå

"Husleien må ikke settes høyere enn nødvendig for selskapets forsvarlige drift. Det må ved utleie ikke tas andre hensyn enn til eiendommens forsvarlige drift. Eier av en eller flere aksjer gis fortrinnsrett ved inntredende ledighet."

til:

"Felleskostnadene må ikke settes høyere enn nødvendig for selskapets forsvarlige drift. Det må ved utleie ikke tas andre hensyn enn til eiendommens forsvarlige drift."

Hovudforhandling vart halde 2. til 4. april 2014. Det vart gitt partsforklaringar og fem vitneforklaringar, og gjort slik dokumentasjon som går fram av rettsboka. Det vart lagt fram to juridiske utgreiingar i høve saka, frå sorenskrivar h.v. Christian Fredrik Wyller og frå advokat Filip Truyen.

Påstandsgrunnlaget til saksøkjaren

Vedtaket er i strid med stiftingsvilkåra og føremålet til selskapet, og i strid med prinsippet som mellom anna kjem til uttrykk i aksjelova § 5-21. Det fører til at bebuarane i eigedommen kan selje aksjane med tilhøyrande burett for marknadsprisen på husværet, medan dei sjølve kjøpte aksjane for nokre hundre kroner.

Selskapet vart stifta med det føremålet å oppføre bustader til medlemmer av Bergen Sporveisfunksjonærers Forening. Foreininga hadde region under stiftinga av selskapet.

At selskapet vart stifta som aksjeselskap, kan forklarast med at det på den tida råde ei juridisk oppfatting om at dette var einaste forma ein kunne stifte selskap med avgrensa

ansvar. Den reelle meininga var å stifte eit kooperativt selskap – eit bustadsamvirke for foreiningsmedlemmer. Selskapet skulle ikkje ha eit vinningsføremål slik som er vanleg for aksjeselskap, men eit mål om å ta vare på bustadsbehov for medlemmene i foreininga. Selskapet skil seg også frå burettslag, ved at styret hadde rett til å få aksjon tilbake når det skjedde permanent utflytting frå eigedommen.

Bebuarane hadde leigekontraktar og var leigetakarar, ikkje andelseigarar som til dømes burettslagslova talar om. Ingen leigetakar har nokon gong hevda å vere eigar av bustaden eller leigeretten på ein slik måte at han sjølv kunne overføre han til andre, verken mot vederlag eller utan.

Når selskapet i realiteten er eit bustadsamvirke, kan ikkje dei som bur på eigedommen på eit gitt tidspunkt vedta ei oppløysing av selskapet, og å dele ut verdiane i selskapet til seg sjølve, slik det faktisk er tale om i denne saka. Verdiane i selskapet er bygd opp over 100 år, og ikkje av dei som bur på eigedommen i dag. Dette medfører at foreininga sine 15 prosent av aksjane misser all verdi.

I alle høve må aksjelova § 5-21 føre til at vedtaka er ugyldige. Denne regelen er uttrykk for eit prinsipp som må gjelde for alle selskapsformer, men i alle høve dersom ein skulle leggje til grunn at selskapet er eit aksjeselskap. Vedtaka gir visse aksjeeigarar, dei som har leigerett, ein urimeleg fordel både på kostnad av selskapet og på kostnad av foreininga, som er aksjonær utan leigerett.

Bergen Sporveisfunksjonærers Forening har lagt ned slik påstand:

1. Vedtak om vedtektsendring truffet av generalforsamlingen i AS Bergens Sporveisfunksjonærers Byggeselskap av 27. mai 2013 er ugyldig.
2. Bergens Sporveisfunksjonærers Forening tilkjennes saksomkostninger

Påstandsgrunnlaget til den saksøkte

Vedtektsendringane 27. mai 2013 vart gjort med framgangsmåte og fleirtal som fylte krava i aksjelova og vedtektene. Ein påstand om at vedtektsendringane var ugyldige krev eit rettsleg grunnlag. Om det ikkje kan påvisast slikt rettsleg grunnlag, må selskapet frifinnast.

Selskapet er eit aksjeselskap, ikkje eit samvirkelag. Det vart stifta som aksjeselskap, likna som bustadaksjeselskap og rekneskapen vart behandla etter reglane for aksjeselskap. Bebuarane fekk utdelt aksjebrev. Selskapet hadde ikkje vekslande medlemstal og vekslande kapital, slik samvirkeleova føreset. Om det var eit samvirke, skulle vedtektene etter samvirkeleova § 163 vore endra i samsvar med dette innan 1. januar 2013, og det er ikkje gjort. Selskapet har same føremålet som eit burettslag, og er difor eit

bustadaksjeselskap. Aksjelova gjeld for selskapet. Vedtektene frå før 27. mai 2013 var i strid med aksjelova, særleg føresegna om at styret hadde rett til å løyse inn aksjane når ein aksjonær flytta ut frå eigedommen.

Det ligg ikkje føre nokon stiftingsvilkår som kan gi grunnlag for at vedtektsendringane er ugyldige, og om det gjorde det, kunne desse ha vorte endra med 2/3 fleirtal, jf. aksjelova § 5-18 og vedtektene. Stiftingsvilkår kan i alle høve ikkje gi grunnlag for at vedtak frå generalforsamlinga er ugyldig.

Det einaste moglege grunnlaget for ugyldigheit er aksjelova § 5-21. I denne vurderinga er det sentralt at vedtektsendringane fører til at selskapet driv lovleg. Dette er ein fordel for behuarane og for selskapet. At behuarane kan omsetje aksjane til marknadspris er ikkje ein fordel som går på kostnad av selskapet eller foreininga som aksjonær. Foreininga har både før og etter vedtektsendringane berre stemmerett og rett til utbytte. Foreininga opptrådde derimot rettsstridig ved å stemme mot endringar som var nødvendige for at vedtektene vart i tråd med lova.

AS Bergen Sporveisfunksjonærers Byggeselskap har lagt ned slik påstand:

1. AS Bergen Sporveisfunksjonærers Byggeselskap frifinnes
2. Bergen Sporveisfunksjonærers Forening dømmes til å betale AS Bergen Sporveisfunksjonærers Byggeselskap sine sakskostnader

Vurdering frå retten

Etter aksjelova § 5-22 må eit søksmål om ugyldigheit vere grunna på at vedtaket "er blitt til på ulovlig måte eller for øvrig er i strid med loven eller selskapets vedtekter". I denne saka er det ikkje omstridd at generalforsamlingsvedtaket fylte dei formelle krava i aksjelova og i vedtektene.

Det første påstandsgrunnlaget frå saksøkjaren, at vedtaket er i strid med stiftingsvilkåra og føremålet til selskapet, synest ikkje å falle inn under rammene for eit søksmål om ugyldigheit etter § 5-22. Saksøkjaren har gjort gjeldande at aksjelova ikkje gjeld for selskapet, og at ein difor ikkje er bunde av reglane der når ugyldigheit skal vurderast.

Saksøkjaren grunngir dette med at selskapet i realiteten er eit samvirke, som referert over, og det er realiteten, ikkje det formelle, som er avgjerande i denne samanhengen. Det er vist til at det i 1912 truleg ikkje var andre måtar å stifte uansvarlege selskap på enn gjennom aksjeselskapsforma. Vidare har saksøkjaren lagt vekt på at selskapet ikkje var oppretta med noko økonomisk vinningsføremål.

Retten må difor først vurdere om selskapet er omfatta av reglane i aksjelova. I denne vurderinga vil synet om at det i realiteten er tale om eit samvirke, stå sentralt. Konklusjonen under dette får følgjer for påstandsgrunnlaget om at vedtaket er i strid med stiftingsvilkåra og føremålet til selskapet.

Etter aksjelova § 1-1 første ledd gjeld lova for "aksjeselskaper". Det synest ikkje å vere usemje om at selskapet vart gyldig stifta og registrert som eit aksjeselskap, og at det sidan har opptrådd formelt som eit aksjeselskap.

Tredje ledd slår fast at lova ikkje gjeld for selskap som ikkje har økonomisk føremål, med mindre "selskapet i stiftelsesgrunnlaget er betegnet som aksjeselskap". At det saksøkte selskapet er kalt aksjeselskap i stiftingsgrunnlaget, er det ikkje usemje om. Om selskapet har økonomisk føremål eller ikkje, får såleis ikkje verknad for spørsmålet om aksjelova gjeld, jf. aksjelova § 1-1.

Vidare går det fram av tredje ledd at aksjelova ikkje gjeld for samvirkeføretak. Etter samvirkelova § 1 fjerde ledd gjeld denne lova ikkje for aksjeselskap. Retten finn det etter dette klårt at lovgjevaren føreset eit skarpt skilje mellom aksjeselskap og samvirke, og at dette er avgjerande for kva lov som gjeld for det enkelte føretaket.

Selskapet er ikkje stifta som samvirkeføretak etter samvirkelova kapittel 8. I samvirkelova § 163 er det gitt overgangsreglar for kva som må til for at samvirkelag som er stifta før lova vart sett i verk, skal underleggjast lova. Etter nr. 2 skal slike samvirkelag bringe vedtektene i samsvar med lova innan fem år etter iverksetjinga av lova, eller innan eit eventuelt tidlegare tidspunkt etter nr. 1 andre punktum.

Det synest ikkje omstridd at det ikkje er gjort noko vedtak i selskapet om vedtektsendring i samsvar med samvirkelova. Fristen for dette var 1. februar 2013, jf. § 163 nr. 1. Etter det opplyste har Føretaksregisteret ikkje kravd slike endringar. Retten legg til grunn at dette skuldast at selskapet overfor Føretaksregisteret har opptrådd som aksjeselskap. Når selskapet ikkje er stifta som eit samvirkelag, og heller ikkje har oppfylt dei seinare krava for å registrerast som samvirkelag, må dette vere tilstrekkeleg til å konstatere at selskapet ikkje er omfatta av samvirkelova.

Saksøkjaren synest å leggje stor vekt på reelle omsyn som, trass i at selskapet formelt framstår som eit aksjeselskap, likevel skal tilseie at selskapet er eit samvirkelag. Det er særskilt gjort gjeldande at føremålet med selskapet ikkje er utprega økonomisk. Etter rettens syn kan dette ikkje vege tungt samanlikna med lovgjevarens intensjon om tydeleg klassifisering av føretak, og aksjelova § 1-1 tredje ledd nr. 2 føreset klårt nok at også selskap utan økonomisk føremål kan omfattast av aksjelova.

Etter dette er retten komen til at aksjelova gjeld for selskapet, jf. aksjelova § 1-1. Retten finn vidare at selskapet er eit bustadaksjeselskap, jf. burettslagslova § 1-4 andre ledd. Dette medfører at visse føresegner i burettslagslova gjeld, utan at nokon av desse får verknad for resultatet i denne saka.

Saksøkjaren har – slik retten forstår det subsidiært, dersom ein legg til grunn at det er tale om eit aksjeselskap – gjort gjeldande at det gjeld ein rettsleg rimelegheitsstandard for kor langt selskapet kan avgjere at den ulovfesta regelen om eit vinningsføremål skal fortrenge føremålet og stillingsgrunnlaget.

Aksjelova inneheld ikkje føresegner som gir uttrykkeleg grunnlag for ugyldigheit av vedtak i selskap grunna på strid med stiftingsvilkåra og føremålet til selskapet. Retten meiner at synspunktet frå saksøkjaren synest å vere mest relevant i ei vurdering av misbruk av mynde frå generalforsamlinga etter § 5-21.

Retten viser til at aksjeeigarane gjennom generalforsamlinga utgjer den øvste makta i eit aksjeselskap, jf. aksjelova § 5-1 første ledd. Generalforsamlinga kan gjere vedtak med alminneleg fleirtal om anna ikkje er fastsett i lova, jf. § 5-17 første ledd. Når det gjeld endring av vedtektene, fastset § 5-18 første ledd at dette krev to tredjedels fleirtal, og tredje ledd slår fast at strengare fleirtalskrav kan fastsetjast i vedtektene. Det er ikkje omstridd at vedtektsendringane denne saka gjeld, oppfylte kravet til to tredjedels fleirtal, og at vedtektene ikkje inneheld strengare krav.

Visse former for vedtak må vere samrøystes, jf. aksjelova § 5-20. Det er ikkje gjort gjeldande som feil ved vedtaket etter aksjelova i denne saka at det ikkje var samrøystes. Retten finn at vedtaket i denne saka ikkje kan vere ugyldig som følgje av at det ikkje var samrøystes.

Reglane som er vist til over, er saman med forbodet mot maktmisbruk etter § 5-21 meint å gi selskapet og aksjonærane vern mot visse former for vedtak. Slik retten ser det, har lovgjevaren gjennom desse reglane uttømmende teke stilling til når interessene til selskapet og aksjonærane fører til innskrenkingar av makta til generalforsamlinga, som i utgangspunktet altså har den øvste makta. Retten kan etter dette ikkje sjå at stiftingsgrunnlaget eller føremålet til selskapet utgjer noko sjølvstendig rettsleg grunnlag som kan føre til at vedtaket denne saka gjeld er ugyldig.

Etter dette står det att for retten å vurdere om vedtaket frå generalforsamlinga 27. mai 2013 var eit maktmisbruk etter aksjelova § 5-21. Spørsmålet er om vedtaket er eigna til å gi visse aksjecigarar, nemleg aksjeeigarane som også er bebuarar, ein "urimelig fordel på andre aksjeeieres eller selskapets bekostning".

Som nemnt over, synest saksøkjaren å leggje til grunn at denne regelen byggjer på allmenne prinsipp om maktmisbruk. Ein tilsvarande regel finst til dømes for samvirkeføretak, jf. samvirkelova § 55. Det er tale om ein "sikkerhetsventil" for visse vedtak, og eit unntak for hovudregelen om fleirtal, slik det er gjort greie for over.

Saksøkjaren har gjort gjeldande at bebuarane gjennom generalforsamlingsvedtaket i realiteten har delt ut formuen i selskapet til seg sjølve, ved at dei etter vedtaket kan selje aksjane med burett som høyrer til, for ein marknadspris som svarer til verdien på husværet. Saksøkjaren har vist til at verdien av husværa er bygt opp over 100 år, og at det er urimeleg at dei som bur der i dag kan hauste verdien av dette. Foreininga sine aksjar, som utgjer 15 prosent og ikkje har tilknytta burett, blir etter vedtaket verdilause. Det er gjort gjeldande at vedtaket er å sidestille med ei oppløysing av selskapet.

Grunnvilkåret etter § 5-21 at visse aksjeeigarar, i dette tilfellet aksjeeigarane med burett, må ha fått ein fordel av vedtaket. Retten ser det som ein fordel for bebuarane at dei etter vedtaket ikkje lenger er pliktige til å la aksjen bli innløyst for den pålydande summen etter krav frå styret, men kan selje aksjen for ein pris tilsvarande marknadsverdien på husværa.

Fordelen må vidare vere på kostnad av andre aksjeeigarar eller selskapet.

Den saksøkte har gjort gjeldande at vedtektsendringane var nødvendige fordi den tidlegare praksisen, som følgde av vedtektene frå 2003 særleg § 4 første punktum, var ulovleg. Det er vist til at aksjelova har eit prescriptorisk forbod mot å gi forkjøpsrett til ein person styret peikar ut, jf. Magnus Aarbakke mfl., Aksjeloven og allmennaksjeloven, 3. utgåve 2012 side 283.

Omfanget av denne saka tillet ikkje ei omfattande prejudisiell vurdering av om vedtektene frå 2003 var ulovlege. Retten finn det likevel tilstrekkeleg bevist gjennom parts- og vitneforklaringar at praksisen i selskapet var slik at når ein bebuar flytta, vart aksjen med buretten tilbakeført til styret, som deretter kunne peike ut ny bebuar. Etter rettens meining er det difor sterk sannsynsovervekt for at vedtektene fram til 27. mai 2013 var i strid med aksjelovgjevinga, og at dette vart løyst ved at vedtektene etter endringane ikkje lenger gav styret rett til å overta aksjen ved fråflytting og til å fordele husværet til ny bebuar.

Det skal, slik retten ser det, svært mykje til for at eit vedtak som rettar opp ulovlege vedtektsføresegner skal kunne vere ugyldig. Det vil i slike tilfelle neppe vere tale om å gi ein urimeleg fordel, og denne kan i alle fall ikkje seiast å vere på kostnad av selskapet, som har interesse av å drive lovleg.

Retten meiner at ein fordel i form av verdiauke på aksjane i utgangspunktet ikkje kan reknast som ein fordel som går på kostnad av selskapet etter § 5-21. Selskapet sin formuismasse blir verande den same, og retten viser til at selskapet sjølv disponerer 9 husvære med burettar, og får dermed den største økonomiske fordel av vedtektsendringane.

Etter dette finn retten at vedtaket ikkje inneber nokon fordel som går på kostnad av selskapet, jf. aksjelova § 5-21.

Saksøkjaren gjer som nemnt gjeldande at bebuarane gjennom vedtaket har fått ein urimeleg fordel på kostnad av foreininga som aksjeeigar. Foreininga er den einaste aksjonæren som ikkje direkte nyt godt av verdiauken på aksjane, ettersom ho ikkje har ein burett som kan omsetjast saman med aksjane.

Det er likevel slik at foreininga verken før eller etter vedtektsendringane kunne ta ut verdien av buretten ved sal av eigne aksjar. Foreininga har gjort gjeldande at vedtektsendringane over tid inneber ei oppløysing av selskapet, noko retten ikkje ser det kan vere verken rettsleg eller faktisk grunnlag for. Det har ikkje skjedd noka oppløysing av selskapet, og om dette skulle skje, vil foreininga få ein del av nettoverdiane i selskapet i samsvar med aksjonærbrøken, jf. aksjelova kapittel 16.

På denne bakgrunnen ser retten det slik at foreininga si stilling er uendra som følgje av vedtektsendringane. Dette er ein konsekvens av at foreininga ikkje har nokon burett, noko ho heller ikkje hadde etter dei eldre vedtektene. Den fordel bebuarane måtte få ved at dei no kan selje aksjane utan plikt til å la dei bli løyste inn av styret, går såleis heller ikkje på kostnad av foreininga som aksjonær.

I notatet frå Filip Truyen er det drøfta om spesielle føresetnader for selskapsdeltaking eller kooperative føremålsinteresser som foreininga måtte meine å handheve, kan føre til at likskapsprinsippet mellom aksjonærane er krenka i strid med aksjelova § 5-21. Dette måtte byggje på at det ligg før ei "idealnorn" i selskapet, som viker frå det alminnelege utgangspunktet i aksjelova. Det blir i notatet vist til at andre føresetnader enn lov og vedtektsregulering har liten plass når det skal fastleggjast ei slik idealnorn. Saksøkjaren har ikkje vist til rettsleg eller faktisk grunnlag som underbyggjer at det finst ei idealnorn for selskapet. Retten ser etter dette ikkje grunn til å drøfte dette nærare.

Retten finn at det ikkje er gitt nokon fordel som går på kostnad av foreininga og i strid med likskapsprinsippet etter § 5-21. Det er etter dette ikkje grunn for retten til å gå inn i ei urimeleg-vurdering, som også krevst for å konstatere ugyldigheit etter denne paragrafen.

Saksøkjaren har i stor grad syntest å argumentere ut frå reelle omsyn. Mellom anna er det lagt vekt på at dei som "tilfeldigvis" bur i selskapets eigedommar i dag, blir stilt urimeleg heldig samanlikna med andre hebuarar opp gjennom tida.

Sjølv om det ikkje har verknad for resultatet i denne saka, vil retten leggje til at så lenge disposisjonar skjer innanfor rammene i lova, har det liten interesse å vurdere om personar som måtte få fordel av disposisjonane er heldige, eller har gjort nok for å fortene dette. Dette gjeld både disposisjonar innanfor selskapsretten, eller disposisjonar i form av gåve, arv eller liknande. Vitneforklaringar i saka tyder dessutan på at foreininga i liten grad har bidrege økonomisk eller på annan måte til vedlikehald og liknande, samanlikna med bebuarane.

Etter dette er det ikkje funne noko grunnlag for at generalforsamlingsvedtaket 27. mai 2013 er ugyldig, og selskapet skal frifinnast.

Sakskostnader

Den saksøkte har vunne saka fullt ut, og har etter tvistelova § 20-2 første ledd krav på full erstatning for sakskostnader frå saksøkjaren. Saksøkjaren har gjort gjeldande at kravet på kr 1 672 500 er for høgt og må setjast ned.

Retten har vurdert fritak for sakskostnader etter § 20-2 tredje ledd, men ser det som klårt at det ikkje kan gjevast fritak.

Etter § 20-5 første ledd er det "nødvendige" kostnader som skal erstattast. Det skal leggjast vekt på om det har vore rimeleg å pådra kostnadene "ut frå betydningen av saken".

Sakskostnadskravet er høgt. Retten legg likevel vekt på at saka har vore svært viktig for selskapet, har dreidd seg om store formuesverdiar og gjeld heimane til om lag 120 personar. Selskapet er saksøkt, og saksøkjaren har bygt på rettsgrunnlag som har vore vanskelege å påvise presist. Det har difor vore nødvendig for den saksøkte å gå svært nøye gjennom både fakta og moglege rettsgrunnlag for å verne seg mot søksmålet. Det har også gått med kostnader til juridisk sakkunnig vitne, men dette har skjedd etter at saksøkjaren engasjerte juridisk sakkunnig.

Retten finn etter dette at sakskostnadskravet omfattar nødvendige kostnader, og finn ikkje grunnlag for å setje kravet ned.

DOMSSLUTTING

1. AS Bergen Sporveisfunksjonærers Byggeselskap blir frifunne.
2. Bergen Sporveisfunksjonærers forening blir dømt til å betale kr 1 672 500 i sakskostnader til AS Bergen Sporveisfunksjonærers Byggeselskap innan 2 – to – veker frå forkynninga av dommen.

Retten heva



Eirik Myking Midtbø

Rettleiing om retten til anke i sivile saker er vedlagd.